

Fra: [Svein Helge Hofslundsengen](#)
Til: [Gerd Allis Håheim](#)
Emne: VS: Gjeld oppstart av grunnarbeid og asfaltering på idrettsbana på Matre.
Dato: 9. oktober 2014 12:08:17

Skriv og melding formannskapet 20.10.

Fra: Ståle Daae
Sendt: 26. september 2014 14:39
Til: Karstein Totland; Svein Helge Hofslundsengen; Alf Magnar Strand; Liv Øydis Trædal; John Torgeir Torsvik
Emne: Gjeld oppstart av grunnarbeid og asfaltering på idrettsbana på Matre.

Viser til tidlegare samtalar gjeldande oppstart av grunnarbeid på idrettsbana på Matre.

Bjørn West Idrettslag hadde sak om bevilgning av sin del av midlane til oppstart av grunnarbeid på bana hausten 2014 oppe på styremøte 26/9-2014. Bakgrunn for dette er at entreprenør har høve til snarleg oppstart av grunnarbeid, samstundes som at Masfjorden kommune skal ha utført asfaltering denne hausten. Om grunnarbeid og asfaltering vert utført no i haust vil me kunna ha ferdig levert anlegg 16 mai 2014. Ved å samkøyre asfalteringa, vert totalprisen for anlegget lågare enn om idrettslaget skal bestillinge arbeidet åleine.

Bjørn West Idrettslag og Masfjord Fotballag har søknad inne hjå Masfjorden Kommune om medfinansiering av anlegget. Me har ikkje motteke svar på denne.

Bjørn West Idrettslag og Masfjord Fotballag har søknad inne om med- og forfinansiering av anlegget hjå BKK AS. Me har motteke mellombels svar på søknaden om at den vert handsama i samband med budsjettarbeidet for 2015. Iflg BKK kan me vente svar på denne hausten 2014. Budsjettutkast skal vera ferdig november 2014.

Med bakgrunn i desse uavklarte søknadane har me ikkje per i dag bindane lovnad om fullfinansiering av heile anlegget, og difor heller ingen sikkerheit for at anlegget vert ferdigstilt innanfor rimeleg tid. Bjørn West Idrettslag har difor vedteke å ikkje gå inn med sin del av midlane til oppstart i oktober 2014. Idrettslaget ber Masfjorden Kommune snarleg om å avklare sin del av prosjektet og medfinansiering og vil – etter at dette er på plass – ta saka om løyving av eigne midlar til grunnarbeid opp att til ny votering.

Me ser at ei utsetting vil medføre auke i kostnadar for grunnarbeid, og forseinka ferdigstilling av anlegget. Bjørn West Idrettslag er sjølvstilt positiv til at Masfjorden Kommune bestiller grunnarbeidet av anlegget i eigen regi. Dette vil medføre reduserte kostnader for alle i forhold til oppstart seinare.

med helsing

Ståle Daae
- leiar Bjørn West IL